



# NOREGS HØGSTERETT

Den 14. mars 2019 sa Høgsterett samansett av justitiarius Øie og dommarane Endresen, Normann, Kallerud og Høgetveit Berg dom i

**HR-2019-514-A, (sak nr. 18-188925STR-HRET), straffesak, anke over dom:**

Påtalemakta (statsadvokat Carl Graff Hartmann)

mot

A (advokat Petter Sogstad Grannes – til prøve)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld inndraging av datautstyr etter straffelova §§ 69 og 70.
- (2) A vart 22. juni 2017 tiltalt for tre lovbrøt. Tiltalepunkt I gjaldt seksuell omgang med barn under 14 år, jf. straffelova 1902 § 195 første ledd første straffalternativ eller straffelova 2005 § 299 bokstav a. Tiltalepunkt II gjaldt produksjon og innehav av framstilling av seksuelle overgrep mot barn eller framstilling som seksualiserer barn, jf. straffelova 1902 § 204a første ledd bokstav a eller straffelova 2005 § 311 første ledd. Tiltalepunkt III gjaldt seksuelt krenkande eller annan uanstendig framferd overfor barn under 16 år, jf. straffelova 1902 § 201 bokstav c. Tiltala tok blant anna atterhald om inndraging av beslag, jf. straffelova 2005 §§ 69 og 70.
- (3) I Asker og Bærum tingretts dom 12. januar 2018 vart A, i tråd med tiltala, dømd til fengsel i tre år og seks månader. I tillegg vart han dømd til å betale oppreising til ein av dei fornærma. A vart også dømt til å tole inndraging, jf. domsslutninga punkt 3:

"3. A, f. 00.00.1980, dømmes til å tåle inndragning i medhold av straffeloven (2005) § 70 av beslag 2016/355/ A1-49, A14-A27, A29-A30 og A32-A41, samt av beslag 2016/601/B1-B15. For de av beslagene som er informasjonsbærere er

**inndragningen begrunnet i det krypterte/passordbeskyttede materialet som forefinnes på ett eller flere av informasjonsbærerne og som politiet ikke er gitt tilgang til."**

- (4) Begge partane anka ulike sider av tingrettens dom. A anka mellom anna over inndraginga.
- (5) Lagmannsretten sa 6. november 2018 dom med slik domsslutning:
- "1. A, født 00.00.1980, dømmes for overtredelse av straffeloven (1902) § 200 annet ledd første punktum, jf. tredje ledd, straffeloven (1902) § 204a første ledd bokstav a og straffeloven (2005) § 311 første ledd, samt det forholdet som er rettskraftig avgjort ved Asker og Bærum tingretts dom av 18. januar 2018, til en straff av fengsel i seks måneder.**
- Til fradrag kommer to dager utholdt varetekt i anledning saken.**
- 2. A, født 00.00.1980, dømmes til å tåle inndragning i medhold av straffeloven (2005) § 69 og § 70 av beslag 2016/A1, A2, A3 og A41. For de av beslagene som er informasjonsbærere er inndragningen begrunnet i det krypterte/passordbeskyttede materialet som forefinnes på ett eller flere av informasjonsbærerne og som politiet ikke har fått tilgang til.**
- 3. A, født 00.00.1980, dømmes til å betale oppreisningserstatning til B med 60 000 – sekstitusen – kroner innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse."**
- (6) Lagmannsretten nedsubsumerte den fyrste tiltaleposten frå seksuell omgang med barn under 16 år til seksuell handling mot barn under 16 år, jf. straffelova 1902 § 200 andre ledd. Inndraginga vart vesentleg redusert.
- (7) Påtalemakta har anka over omfanget av inndraginga.
- (8) *Eg er komen til at anken ikkje kan føre fram.*
- (9) Den 18. februar 2016 vart det gjort eit omfattande beslag av datautstyr heime hjå A. Beslaget omfatta tre datamaskiner, sju harddiskar, åtte lagringseiningar, fem minnepinnar, ti minnekort, fem mobiltelefonar, ein iPod, eit kamera og nokre fotografi. Ein månad seinare vart det gjort eit nytt beslag av datautstyr tilhøyrande A på ei anna adresse. Dette beslaget omfatta mellom anna åtte datamaskiner, eit kamera, ni harddiskar og fem mapper med over 800 CD-ar. Det er ikkje omstridd at dette utstyret var på heimeadressa til A i den tidsperioden tiltalen viser til.
- (10) Beslaga er gjennomgått av politiet. Ei rekkje analyseverktøy er nytta for å gå gjennom netthistorikk, chat, bilete osv. Mykje er også gått gjennom manuelt. På grunn av omfanget av beslaget – totalt 57 terabyte – har politiet likevel ikkje hatt kapasitet til å gjennomgå alt lagra materiale, men det er teke stikkprøver. Delar av beslaget inneheld kryptert materiale.
- (11) Grunnlaget for tiltalepost II var ni miniatyrbilete av fornærma i post I funne på beslag A3 – ein PC. Miniatyrbileta er genererte i ein logg på datamaskina ved vising av bileta. Dei bileta som miniatyrbileta var genererte frå, var på beslagstidspunktet derimot ikkje lagra på denne eininga. Desse bileta – eller anna overgrepsmateriale – er heller ikkje funne ved gjennomgang av andre delar av beslagsmaterialet.

- (12) Under ankeforhandlinga for lagmannsretten samtykka A i inndraging av beslaga A1, A2, A3 og A41. Beslag A1 er ei datamaskin med tre terabyte lagringskapasitet. Omlag 40 prosent av innhaldet er kryptert. A har nekta å oppgje passordet, og politiet har ikkje klart å knekke dette. Beslag A2 er ei datamaskin med 19 terabyte lagringskapasitet, der ingen volum er krypterte. Beslag A41 er digitalkameraet som vart nytta til å ta bileta.
- (13) Påtalemakta har kravd det aller meste av det andre beslaglagde utstyret inndrege.
- (14) Det fyrste spørsmålet er om alt det andre utstyret kan inndragast med heimel i straffelova § 69 fyrste ledd bokstav c, jf. andre ledd. Avgjerande er om utstyret er "ting" som har vore "brukt eller bestemt til bruk ved en straffbar handling".
- (15) Uavhengig av kva for provkrav som gjeld, erkjenner påtalemakta at den ikkje kan føre prov for om, eller kva for, utstyr som er brukt til oppbevaring av overgrepshandlingar, ut over at dei ni miniatyrbileta av fornærma vart funne på datamaskina som utgjør beslag A3.
- (16) Påtalemaktas grunnleggande syn er derimot at alt det beslaglagde datautstyret utgjør ei funksjonell eining og må reknast som *ein* "ting" etter straffelova § 69. Ettersom både kameraet – beslag A41 – og den eine datamaskina – beslag A3 – tvillest har vore brukt ved ei strafflagd handling, må dette etter påtalemaktas syn føre til at også alt det andre datautstyret kan dragast inn. Det er i denne samanhengen peikt på at alt utstyret var lett tilgjengeleg for A på handlingstida, og at det framstår som tilfeldig kva for eining som er eller kan ha vore nytta.
- (17) Det kan nok vera slik at fleire sjølvstendige komponentar, når desse er sett saman, kan utgjera *ein* ting etter lova. Men eg kan ikkje sjå at det er haldepunkt i ordlyden i straffelova § 69 for at ei kvar funksjonell eining kan reknast for å vera *ein* ting.
- (18) Eg er under alle omstende ikkje samd med påtalemakta i at det beslaglagde utstyret her kan reknast som *ein* ting. Det er tale om svært mange komponentar. Desse er ikkje knytte saman – korkje fysisk eller funksjonelt. Det er heller ikkje meininga at dei skal nyttast samstundes. Det er etter mitt syn klart at alt utstyret ikkje kan seiast å ha vore bestemt til bruk ved lovbrøtet.
- (19) For ordens skuld skyt eg inn at det ut frå effektivitetsomsyn etter omstenda kan vera rom for å inndra ting som er ein del av eit større heile, men berre utgjør mindre delar av dette. Sjå her til dømes Rt-1980-1532 der eit mogleg ubetydeleg lovleg materiale av praktiske grunnar vart inndrege saman med 16 tonn utuktig materiale. Ein slik situasjon står me ikkje overfor i vår sak. Tvert om er det her utelukkande funne ni miniatyrbilete. Berre ein svært liten del av det samla utstyret kan ha vore brukt ved dette lovbrøtet.
- (20) Min konklusjon er etter dette at det ikkje er heimel for ytterlegare inndraging med heimel i straffelova § 69.
- (21) Det neste spørsmålet er om det beslaglagde utstyret kan inndragast med heimel i straffelova § 70 om førebyggjande inndraging. Her er det ikkje krav om at tinga alt er nytta

ved ei strafflagd handling. Utgangspunktet er stilt opp i § 70 fyrste ledd fyrste punktum:

**"En ting kan inndras når det på grunn av tingens art og forholdene for øvrig er en nærliggende fare for at den vil bli gjort til gjenstand for eller brukt ved en straffbar handling."**

(22) Vidare bestemmer § 70 fyrste ledd tredje punktum:

**"Inndragning av en informasjonsbærer, jf. § 76, kan bare foretas når det er fare for uopprettelig skade".**

- (23) Påtalemakta har gjort gjeldande at det er fare for nye overgrep og uopprettelig skade dersom datautstyret ikkje bli inndrege. Omfanget av beslaget er så stort at det vil krevja svært store ressursar å gjennomgå det heile. Dersom det skulle vise seg å vera overgrepsbilete på noko av det beslaglagde utstyret, vil ei tilbakelevering straks føre til nye lovbrøt i form av oppbevaring. Dette tilseier at alt utstyret må inndragast.
- (24) Spørsmålet om kva som er *ein* "ting", gjer seg gjeldande også for straffelova § 70. Eg viser til det eg har sagt om dette i relasjon til § 69. Også for inndraging etter § 70 må kvar ting i utgangspunktet vurderast konkret.
- (25) Det er etter mitt syn uansett ikkje grunnlag for å seie at det her ligg føre tilstrekkeleg fare for uoppretteleg skade ved tilbakelevering av utstyret. A har gjeve samtykke til inndraging av kryptert volum. Det utstyret som det no er spørsmål om skal inndragast, inneheld ikkje krypterte volum. At det kan finnast krypterte enkeltfiler kan ikkje vera avgjerande når kravet om inndraging er formulert så breitt som det er gjort av påtalemakta i saka her.
- (26) Det er ikkje funne anna overgrepsmateriale enn dei ni miniatyrbileta som utgjer grunnlaget for tiltalepost II, som A er dømd for. Politiet har rett nok ikkje hatt kapasitet til å gå gjennom alt det beslaglagde utstyret, men det er gjort omfattande søk. Ved beslag av datautstyr med stor lagringskapasitet, og som inneheld både kryptert og ukryptert materiale, vil det generelt vera størst risiko for at mogleg ytterlegare overgrepsmateriale er lagra kryptert. For lagringseiningane med krypterte volum har A som nemnt gjeve samtykke til inndraging.
- (27) Min konklusjon er etter dette at heller ikkje straffelova § 70 kan heimle ytterlegare inndraging her.
- (28) Eg skyt likevel inn at eg har forståing for dei problema politiet og påtalemakta støyter på i ei sak som denne. Den tekniske utviklinga – inkludert den stendige auken i lagringskapasitet, også i "skya" – skapar nye utfordringar. Det er ei lovgjevaroppgåve å vurdere om dei eksisterande heimlane for inndraging er tilstrekkelege.

(29) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

Anken blir forkasta.

(30) Dommer **Kallerud:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.

(31) Dommer **Endresen:** Likeså.

(32) Dommer **Normann:** Likeså.

(33) Justitiarius **Øie:** Likeså.

(34) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

Anken blir forkasta.